

Møterefereferat

Møte: Felles møte AU Midt og AU Nord

Tid/Sted: Tysdag 20.08.19 kl 12.30 – kl 19.00 på Scandic Hell, Stjørdal

Tilstede: Svein Slåtsveen, Ragnhild Engan, Tone Rubach, Bente Børsheim, Bjørn-Arne Skoglund, Fred Tore Fagereng, Merethe Sund og Svein Inge Jakobsen.
Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Borgny Grande, Johan Kristian Daling, Bård Tore Berntsen, Sverre Tyldum, Kolbjørn Frøseth, Olav Håkon Ulfsnes og Roy Albertsen.

Forfall:

Kopi til: Vara AU Midt, vara AU Nord, leiargruppe region Nord, leiargruppe region Midt og Tor Olav Brandtzæg

Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 20.08.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Introduksjon Presentasjonsrunde av deltakarane. Minneord for Endre Østbø.	
2	Orientering frå Totalmarked - marknadssituasjon, prognose og tiltak Hilde Kari Skarstein orienterte om prognose 2019 pr juni, lagersituasjon storfe, vekst i ammekutalet, langtidsutsikter for storfe mot 2025, prisutvikling og prisløype storfe. Vidare lagersituasjon sau/lam og tiltak for å få kontroll på sau. Lagersituasjon gris, svineproduksjonen går ned, utvikling i engrospris og omsetningsavgift. Egg frå miljøinnreiing er på veg ut og engrospris og omsetningsavgift for egg. Salet av raudt kjøtt flatar ut/fell, medan kyllingen fortsatt veks. Tollvernet legg begrensingar på prisuttak. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Kva faglege parametrar vert lagt inn i vurderinga av at det framleis ikkje er balanse av småfe?• Er det råd å redusere importkvotene?• Vanskeleg å forstå at vi importerer når vi har storfe på reguleringslager.• Sau til pelsdyrfôr bør unngåast dersom det finnast mogelegheit for eksport.• Kan der vere lager av sau og lam hos industrien no? Vedtak: AU Nord og AU Midt tek orienteringa til orientering.	
3	Orientering frå Nortura PROFF – status og satsingsområde Jan Arstad orienterte om marknaden med mogelegheitsrom, marknadstilgang og distribusjonsmogelgehieter, grossistar og vareutval. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Vi slit med å bruke same fabrikkstruktur på å produsere daglegvare som varer til PROFF?• Kva skjer med Vegagrisen?• Kan PROFF stå for netthandel til forbrukar?• Kvar finn vi infoen om varene vert produsert av Nortura?• Aktuelt for PROFF å delta på matfestivalar? Vedtak: AU Nord og AU Midt tek orienteringa til orientering.	

4 **Orientering frå Sal og Marknad ¶ status og satsingsområde**

Harald Bjerknes orienterte om sal, listing, space management, marketing, merkeprofil for Gilde. Vidare om kategoriutvikling, nylanseringar, mat- og samfunnstrender, verdivekst, daglegvarekjedene sin andel, grønshehandelen aukar, veganertrend og reaksjonar etter NRK Brennpunkt.

Spørsmål/kommentarar:

- Fagutval gris meinte Grisløftet måtte innebere høgare pris til produsent pga dei tiltaka bonden måtte gjere.
- Er det ei framtid for spesialitetar?
- Korleis få til ein dynamikk med utviklingsarbeid i regionane?

Vedtak: AU Nord og AU Midt tek orienteringa til orientering.

5 **Landbruk i heile landet og Nortura si rolle**

Olav Håkon orienterte om Nortura no, vegen vidare, strekk i laget?, føremålsparagrafen, AU Midt sitt forslag til årsmøtet, reaksjonar i evalueringa, tilapsse oss eller kjempe? og behov for korte og lange tankar

Spørsmål/kommentarar:

- Reduksjon i tilførsler og marknadsandel er bekymringsverdig. Viktig at Nortura beheld marknadsandelen.
- Kostnad med marknadsregulering som førtidsslakting er finansiert av omsetningsavgift, men berre Nortura-bonden utfører tiltaket.
- Dersom business er viktigast, vil det få konsekvensar for oss i distrikta.
- Nortura må ha produksjon over heile landet.
- Nortura driv industri, må også engasjere seg i politikken.
- Må drive mest mogeleg effektivt for å tene pengar, og i tillegg fyller samfunnsrolla. Dersom vi ikkje tek marknadsreguleringsrolla, vil heller ikkje staten ta det. Då er kontraktsproduksjon resultatet.
- For mykje skjer sør i landet, må ha eit distriktsopprør. Kan vi som eigarar varsle om transportavstandane som kjedene driv oss til?
- Korleis er stemninga i styret i fht kostnaden med marknadsreguleringa?
- Korleis skal vi bøndene greie å stå i lag, med dårleg økonomi i næringa?
- Nortura må ikkje ta kostnaden med marknadsreguleringa, utan å få den dekt.
- Er meiningar om at det ikkje behov for landbruk i Nord-Norge, men vi treng alle bøndene. Har vi ikkje landbruk i Finnmark, får det konsekvensar for industrien. Må vekke samvirketanken.
- Må ha ein industristruktur som gjer at vi kan oppretthalde mottaksplikta. I neste runde kan flytting av produksjon verte resultatet av nedlagt industri.
- Norsvin si haldning til distriktsgrisen er annleis enn i Nortura.
- No er oppgåva å få Nortura til å vere samla om vegen vidare.
- Kyllingproduksjonen er eksempel på at produksjonen vert flytta nærare anlegg. Tilskotet til innfrakt er viktig for landbruk over heile landet. Slakting og foredling av gris i Midt-Norge er viktig for produksjonen i regionen.
- Nortura er ein bit av landbruk over heile landet. Dette må dei andre organisasjonane hjelpe oss med å framheve.

Vedtak: AU Nord og AU Midt tek orienteringa til orientering.

6 **Orientering frå styret**

Merethe refererte frå saklista til styremøtet i morgon: COWI-saka, konsernrapport, Noridane-tap og konsekvensar ved mottak av slaktedyr frå dyrevelferdssaker.

Vedtak: AU Nord og AU Midt tek orienteringa til orientering.

7 **Orientering MRSA i Nordland og Mædi i Trøndelag**

Svein Inge orienterte om at LAMRSA er uønska i Norge. Mattilsynet vedtek sanering. I februar hos ein stor smågrisbesetning og 2 slaktegrisbes, restart hausten 2020. I juli ny smågrisselgar og 3 slaktegrisbes, som no startar sanering. Store konsekvensar for

gardbrukarane, men også for industrien til Nortura.

Roy orienterte om Mædi er ein B-sjukdom, påvist i 2002 og no truleg same virus. Påvist i 2 besetningar, 30 bandlagde, prøvetaking går for fullt. Ein besetning vedtatt sanert, den andre under vurdering.

Spørsmål/kommentarar:

- Stor påkjenning for dei som får påvist LAMRSA.
- Ikkje alle besetningar vart testa for Mædi sist, mogeleg dårleg testmetode.
- Kan kjøtet frå sanerte buskarar nyttast i matproduksjon?

Vedtak: AU Nord og AU Midt tek orienteringa til orientering.

8

Eventuelt

Evaluering:

- Bra med fellesmøte, har felles interesser
- Bra med innlegg utanfrå, og få diskutere og prate i lag
- Bra med diskusjonen knytt til landbruk over heile landet.